

# Kvalitet i utdanninga

System for kvalitetsutvikling



Fagskolen  
Vestland fylkeskommune

# Innhold

<b>System for kvalitetssikring.....</b>	<b>3</b>
1.0 Krav til tilfredsstillende kvalitetssystem .....	3
2.0 Fagskolen i Hordaland.....	4
Læringsbane og kunnskapsgrunnlag.....	5
3.0 Kvalitetsområder.....	6
3.1 Opptaks kvalitet .....	7
3.2 Rammekvalitet .....	7
3.3 Programkvalitet .....	8
3.4 Undervisningskvalitet .....	8
3.5 Resultatkvalitet .....	9
3.6 Relevanskvalitet .....	9
3.7 Styringskvalitet .....	10
3.8 Prosesskart og årshjul.....	11
4.0 Kvalitetsmeldinga .....	12
5.0 Ansvarleg og ansvarsområde .....	12
6.0 Dokument og system som inngår i kvalitetssystemet.....	13

# System for kvalitetssikring

## 1.0 Krav til tilfredsstillende kvalitetssystem

### **Kvalitetsarbeidet ved Fagskolen i Hordaland er forankra i følgjande lover og forskrifter og strategi:**

- Lov om høgere yrkesfaglig utdanning
- Forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning
- Forskrift om tilsyn med kvaliteten i høgere yrkesfaglig utdanning
- Fagskolen sin strategiplan

Fagskolen sitt kvalitetsarbeid er forankra i fagskolen si leiing og styre. Fagskolen skal involvere tilsette og studentar i kvalitetsarbeidet. System for kvalitetssikring er fagskolen sitt verktøy for å gjennomføre kvalitetsarbeid. Av systembeskrivinga går det fram korleis kvalitetsarbeidet skal gjennomførast, kven som har ansvar for å følge opp ulike rutinar og prosessar og rapporteringslina. Gjennom kvalitetsarbeidet skal fagskolen årleg utarbeide ein kvalitetsmelding og ein mål- og tiltaksplan for å sikre kvaliteten i utdanninga. Måla skal også sjåast i samanheng med fagskolen sin strategi.

Fagskolen skal systematisk innhente informasjon frå studentar, tilsette, representantar frå yrkesfeltet og andre relevante kjelder for å vurdere kvaliteten i den einkilde utdanning i høve til måla for kvaliteten i utdanningane. Resultata frå fagskolen sin internkontroll i høve til om fagskolen i varetek krava til akkrediteringa skal vere ein del av grunnlaget for å vurdere kvaliteten ved fagskolen jf. fagskolelova § 9 tredje ledd bokstav f.

Kunnskap frå kvalitetsarbeidet skal nyttast for å rette opp sviktande kvalitet og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane. Fagskolen skal fatte vedtak om tiltak for betring og utvikling av kvaliteten og gjennomføre desse innan rimeleg tid. Fagskolen skal informere studentorganet om resultata av kvalitetsarbeidet.

System for kvalitetssikring er eit overordna styringsdokument som legg grunnlaget for korleis fagskolen skal arbeide med kvalitetsutvikling av utdanningane. Systemet gir retning for å arbeide systematisk, analytisk og aktivt med å undersøke tilhøva kring kvalitet og for å rapportere og setje i verk tiltak. Kvalitetssikringssystemet består også mellom anna av styringsdokumenter, rutinar, retningsliner, og system for å melde avvik, forbetningsforslag og uønska hendingar.



Skjermdump frå fagskolen sitt dokument-, avviks- og meldingssystem.

## 2.0 Fagskolen i Hordaland

Fagskolen i Hordaland tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning på nivå over vidaregåande opplæring og som gir kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak.


Utdanningane ved fagskolen er på nivå 5.1 og 5.2 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), og har eit omfang frå 30 til 120 studiepoeng (stp).

Fagskolen i Hordaland er eigd av Vestland fylkeskommune og har om lag 1180 studentar fordelt på 6 studiestader i fylket. Fagskolen har utdanningar innan tekniske fag, helsefag, maritime fag, matfag og grønne fag. Kvalitetssystemet gjeld for alle utdanningar og ved alle studiestader ved Fagskolen i Hordaland.



\*Studiestader i boks med grå tekst er godkjente, men ikkje aktive.

Kvalitetsarbeidet følgjer rapporteringslina i fagskolen sin leiar- og organisasjonsstruktur.



## Læringsbane og kunnskapsgrunnlag

### Læringsbane

NOKUT omtalar heile studenten sitt liv på lærestaden, frå opptak til mottatt vitnemål, for studenten sin læringsbane<sup>1</sup>. Ein vellykka læringsbane tener på samspill med andre, og den einskilde students læringsbane er summen av deltaking i alle desse fellesskapa. Gode læringsbanar er kjenneteikna av at studentane er medviten om eigen læring, og utviklar ein sunn læringsstrategi.

Vidare definerer NOKUT at gode læringsbanar:

- vert skapa i samspel mellom studentar, fagtilsette, støttetenester, arbeidsliv, fag- og yrkesorganisasjonar og samfunnet elles
- gjer studentane medviten om eigen læring og gode læringsstrategiar
- har eit inkluderande og motiverande læringsmiljø og ein godt fungerande tilbakemeldingskultur
- inneber moglegheita for mobilitet mellom lærestader i inn- og utland

Læringsbanen som NOKUT omtalar vil vere eit bakteppe for kvalitetsarbeidet ved Fagskolen i Hordaland.

<sup>1</sup>[https://www.nokut.no/contentassets/5979c996834c47f4a296269de44436b0/kvalitetsomrader\\_for\\_studieprogram.pdf](https://www.nokut.no/contentassets/5979c996834c47f4a296269de44436b0/kvalitetsomrader_for_studieprogram.pdf)

## Kunnskapsgrunnlag

Fagskolen sitt kunnskapsgrunnlag bygger på erfarings- og utviklingskompetanse i arbeidslivet, samt relevant forskning. Fagskolen skal i nært samarbeid med yrkesfeltet utvikle og formidle spesialisert yrkeskompetanse tilpassa ny teknologi, utviklingstrekk og behov i samfunns- og arbeidsliv.

## 3.0 Kvalitetsområder

Fagskolen skal analysere og vurdere kvaliteten i utdanningane gjennom 7 kvalitetsområder som kvar for seg vil gje informasjon om kvaliteten ved viktige driftsområder for å sikre god kvalitetsoppfølging. Gjennom analyse av dei 7 kvalitetsområda skal fagskolen også vurdere den totale kvaliteten ved fagskolen og sjå på samanhengar mellom kvalitetsområda. Sviktande kvalitet i eitt kvalitetsområde kan forklare og gje viktig informasjon om sviktande kvalitet i eit anna kvalitetsområde. Analysane av kvart kvalitetsområde skal summerast i eigne rapporter, og i tillegg skal det utarbeidast ein total rapport basert på dei 7 kvalitetsområda som vil inngå i fagskolen sin kvalitetsmelding til styret. Ved kvart kvalitetsområde er det fastsett kvalitetsindikatorar som vil vere ein del av analysane som vert gjort. Fagskolen skal sette måltal for kvar kvalitetsindikator.



## 3.1 Opptakskvalitet

Opptakskvalitet er knytt til studentane sine forkunnskaper og føresetningar som studentane har med seg når dei startar på eit studium. Studentane sine forkunnskaper er viktig for ny læring og for å få en best mogleg start på utdanninga. På bakgrunn av dette er det avgjerande å sikre at skolen rekrutterer studentar med riktig startkompetanse, og studentar som har høg motivasjon og gjennomføringsevne.

Vurdering av opptakskvaliteten ved fagskolen er såleis ein viktig del av å vurdere kvaliteten ved utdanningane og sikre studentane sitt læringsutbytte. Høg opptakskvalitet vil bidra til betre gjennomstrømming, og talet på søkjarar ved utdanningane vil også kunne belyse etterspurnad frå arbeidslivet og yrkesrelevans. Vidare har fagskolen også eit ansvar for å sikre søkjarane sine rettar gjennom gode opptaksprosessar og at det vert gitt god informasjon om utdanningane, søkjeprosessen og opptaket.

Etter kvart opptak skal fagskolen gjere ein analyse og vurdering av opptaket basert på data om studentane sitt opptaksgrunnlag, poengnivå, eventuelle klager på opptak og talet på søkjarar.

### Kvalitetsindikatorar

- Tal på søkjarar
- Gjennomsnittleg poengsum for kvar utdanning
- Opptaksgrunnlag
- Demografisk fordeling
- Klager på opptak

## 3.2 Rammekvalitet

God infrastruktur med lokale, hjelpemiddel og undervisningsutstyr som er tilpassa fagskolen sin utdanningsaktivitet er viktig for å sikre eit godt læringsmiljø og læringsutbytte. Fagmiljøets kompetansenivå og den utdanningsfaglege kompetansen er også viktig og inngår i ramma for utdanningane.

Rammekvaliteten vert vurdert på bakgrunn av resultatata frå student- og lærarundersøkingane, undervegs-undersøkingane og data frå avvikssystemet.

### Kvalitetsindikatorar

- Tal faglege årsverk totalt
- Andel fagleg årsverk i fast stilling
- Andel fagleg årsverk frå relevant arbeidsliv
- Fagleg tilsette sin utdanningsfaglege kompetanse
- Tal studentar (heiltidsekvivalentar) per fagleg årsverk
- Studentane sin tilfredsheit med lokale og undervisningsutstyr (infrastruktur)
- Studentane sin oppleving av læringsmiljø
- Fagleg tilsette sin oppleving av læringsmiljø

### 3.3 Programkvalitet

Programkvalitet er knytt til designa av sjølve studietilbodet – studie- og emneplanar, arbeids- og undervisningsformer, og vurderingsformane. Eit godt samansett studieprogram er kjenneteikna av gode og relevante læringsutbytteomtaler som er på riktig nivå i NKR. Vidare er programmet tilpassa faget sin eigenart og har eit godt samsvar mellom læringsutbytteomtaler og undervisnings- og vurderingsformer. Utvikling og vidareutvikling av studieplanar føreset eit godt samspel mellom studentar, fagleg tilsette, administrasjon, arbeidslivet, arbeidslivsorganisasjonar og samfunnet elles. Studieplanane skal legge til rette for god læring og for at studentane oppnår eit godt læringsutbytte. Studieplanane skal ha høg yrkesrelevans for å sikre at læringsutbyttet studentane oppnår er i tråd med samfunnet sitt behov.

Vurdering av programkvalitet vert gjort på bakgrunn av student-, lærar-, og sensorundersøkingane, samt tilbakemeldingar frå fagråda ved utdanningane. Data om gjennomføring og karakternivå inngår også i evalueringa, saman med resultat frå internkontroll.

#### Kvalitetsindikatorar

- Studentane sin tilfredshet med utdanningstilbodet
- Fagleg tilsette sin tilfredshet med utdanningstilbodet
- Fagråda sin tilfredshet med utdanningstilbodet og yrkesrelevansen
- Oppnådd læringsutbytte (gjennomstrømming og karakternivå)
- Evaluering av undervisnings- og arbeidsformer knytt til læringsutbyttet
- Evaluering av vurderingsformer knytt til læringsutbyttet

### 3.4 Undervisningskvalitet

Undervisningskvalitet omhandlar kvaliteten på læringsarbeidet og omfattar både kvalitet på formidling og studentane sin eigen innsats. God undervisningskvalitet avhenger av både motiverte studentar og lærar som nyttar gode læringsmetodar og har høg utdanningsfagleg kompetanse. I tillegg til pedagogisk kompetanse og didaktikk omhandlar utdanningsfagleg kompetanse om evna til å legge til rette på riktig nivå og med relevant yrkesfagleg profil. Samspelet mellom studentar og fagleg tilsette i høve til val av undervisnings- og læringsformer kan bidra til at studentane føler eigarskap til sin læring. Lærarar er også avhengig av kollegarettleiing og eit fagleg fellesskap for å evaluere og drøfte utdanning.

Vurdering av undervisningskvalitet vert basert på student- og lærarundersøkingane, samt undervegs undersøkingane knytt til tilfredshet med undervisning og læringsmetodar, samt grad av studentmedverknad.

#### Kvalitetsindikatorar

- Studentane sin vurdering av undervisning
- Studentane sin vurdering av rettleiing



- Studentane sin vurdering av grad av studentmedverknad
- Lærarane sin vurdering av undervisninga og rettleiinga

### 3.5 Resultatkvalitet

Resultatkvalitet omhandlar emne- og eksamensresultat, studentane sin progresjon og studentane sitt læringsutbytte i høve til måla i studieplanen. Korleis studentane vert vurdert er også avgjerande for om studentane oppnår eit tilfredsstillande læringsutbytte og resultat. Resultatkvalitet må også vurderast i samanheng med opptakskvalitet og rammekvalitet.

Vurdering av resultatkvalitet vert gjort på bakgrunn av studentane sine karakterresultat, gjennomføringsgrad og progresjon, talet på uteksaminerte studentar, samt opptaks- og rammekvalitet.

#### Kvalitetsindikatorar

- Studentane sine karakterresultat; snitt og fordeling
- Gjennomføringsgrad ved utdanningane
- Gjennomføring på normert tid
- Studiepoeng per student (heiltidsekvivalent)
- Fråfall

### 3.6 Relevanskvalitet

Utdanningane ved fagskolen skal vere relevant for arbeidslivet og samfunnet elles i dag og i framtida, og studentane må få det læringsutbyttet som er viktig for framtidig deltaking i arbeidslivet. For å sikre god yrkesrelevans er det viktig med fora som er eigna for å auke samhandling med arbeidslivet og betre kvalitet, relevans og fleksibilitet i utdanningstilbodet. Fagskolen har etablert fagråd med representantar frå arbeidslivet ved kvar utdanning for å sikre yrkesrelevans, kvalitet og fleksibilitet i utdanningane. Fagråda er eit viktig element i vidare utvikling av utdanningane, og i utviklinga av nye utdanningar. Vidare er det viktig at lærarane har oppdatert yrkeskompetanse slik at undervisninga er i tråd med det som arbeidslivet etterspør.

Vurdering av relevanskvalitet vert gjort på bakgrunn av student- og lærarundersøkingane, samt tilbakemeldingar frå fagråda.

#### Kvalitetsindikatorar

- Fagråda sine vurdering av yrkesrelevans
- Studentane sin vurdering av yrkesrelevans
- Lærarane sin vurdering av yrkesrelevans
- Lærarane sin vurdering av eigen fagkompetanse

### 3.7 Styringskvalitet

Styringskvaliteten er skolen sin evne til å styre kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, samt sikre forankring av kvalitetsarbeidet i hele institusjonen. For å sikre ein sterk styringskvalitet er det viktig med tydeleg og god forankring av kvalitetsarbeidet i leiinga, administrasjonen og i lærarkollegiet. Vidare er det viktig med ein tydeleg ansvar og oppgåvefordeling slik at kvalitetsarbeidet ved fagskolen går kontinuerleg.

Vurdering av styringskvaliteten vert gjort på bakgrunn av forankringa i leiinga og ved institusjonen. Vidare vert kvalitetsprosessane gjennom skoleåret evaluert på bakgrunn av rapportar og referat i samband med kvalitetsarbeidet, og den totale kvalitetsmeldinga. Den årlege mål- og tiltaksplanen vert også evaluert i høve til gjennomføring og måloppnåing.


#### **Kvalitetsindikatorar**

- Forankring i leiinga
- Prosessevaluering
- Oppfølging av mål- og tiltaksplan

### 3.8 Prosesskart og årshjul

Kvalitetsarbeidet ved fagskolen er ein kontinuerleg prosess kor skolen aktivt undersøker, analyserar, set mål og tiltak, implementerer tiltaka og oppnår ny normaltilstand. Samtidig kan det vere naudsynt og gå tilbake og undersøkje og vurdere tidlegare prosessar på nytt og eventuelt gjere justeringar.

#### Prosesskart



#### Årshjul

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar	Møte i fagråda Spørjeskjema næringslivet	Avdelingsleiarane/fagkoordinator
April	Studiebarometeret	Rektor/Stab/leiinga/NOKUT
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale. Godkjenning av studieplan til neste år.	Rektor/Stab/leiinga
Juni	Spørjeskjema – Sensorane.	Rektor/Stab leiinga/Lærarane
Juli		
August	Samanfatte data til kvalitetsmeldinga	Rektor/leiinga/stab/adm.

	Møte i fagråda	Avdelingsleiarane/fagkoordinator
September	Arbeid med kvalitetsmeldinga ved avdelingane og i administrasjonen	Rektor/leiinga/stab/adm.
Oktober	Utarbeide kvalitetsmelding og mål- og tiltaksplan	Leiinga/stab/adm.
November	Kvalitetsmelding med mål- og tiltaksplan vert lagt fram for styret	Sekretariat
Gjennom året	Medarbeidarsamtalar	Avdelingsleiarane

## 4.0 Kvalitetsmeldinga

Fagskolen skal årleg legge fram ein kvalitetsmelding for styret som viser analyser og vurderingar av dei 7 kvalitetsområda, samt resultatane frå student-, lærar- og sensorundersøkingane og tilbakemeldingane frå fagråda.

Kvalitetsmeldinga er styret og fagskolen sitt verktøy for å synleggjere kvaliteten i utdanningane og avdekkje områder som trenger oppfølging, i tillegg til å synleggjere skolen sin oppfølging av tidlegare mål og tiltak.

Kvalitetsmeldinga saman med forslag til mål- og tiltaksplan vert lagt fram for styret i november kvart år. Det vert gjeve ein presentasjon av funn knytt til kvalitetsområda.

## 5.0 Ansvarleg og ansvarsområde

Ansvarleg	Ansvarsområde
<b>Styret</b>	Har det overordna ansvaret for kvalitet og yrkesrelevans i fagskoleutdanningane. Skal, på bakgrunn av årleg kvalitetsmelding, gi fagskolen klare styringssignal/vedtak om tiltak.
<b>Rektor/leiinga/stab</b>	Drifte/utvikle verktøy for innsamling av informasjon (spørjeskjema etc.). Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskolen og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskolen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjer/eksterne. Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret.

	<p>På vegner av styret revidere studieplanane ved fagskolen på bakgrunn av dei årlege tilbakemeldingane frå studentar, tilsette og arbeidsliv. Rektor meldar endringar til styret i samband med tiltaksplan.</p> <p>Legge fram forslag til forbetringstiltak og mål for neste skoleår i ein mål og tiltaksplan.</p>
<b>Undervisningspersonalet</b>	<p>Har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikringsarbeidet i undervisninga og sørge for kvalitet i eige arbeid.</p> <p>Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).</p>
<b>Sensor</b>	<p>Skal gi ei skriftleg vurdering av utdanninga (spørjeskjema)</p>
<b>Studentane</b>	<p>Skal årleg gi sin vurdering av utdanningstilbodet (spørjeskjema).</p> <p>Skal bidra til betring av kvaliteten ved å nytte tilgjengelege arenaer for dialog med skoleleiing og medstudentar (t.d. studentråd).</p>
<b>Arbeidsliv/eksterne</b>	<p>Skal delta i fagråd med fagskolen, og svara på spørjeundersøking som vert sendt ut.</p>

## 6.0 Dokument og system som inngår i kvalitetssystemet

Følgjande dokument (del 1) inngår i denne systembeskrivinga for fagskolen sitt kvalitetssystem og ligg som vedlegg. Studentundersøkinga ligg berre som lenke her.

Andre dokument (del 2) som rutinar og liknande ligg i fagskolen sitt web-baserte dokument, avviks og meldingssystem.

Del 1

1. Studentundersøkinga ([Studiebarometeret](#))
2. Lærerundersøkinga
3. Sensorundersøkinga
4. Spørjeskjema for arbeidslivet
5. Mandat for fagråda
6. Rutine for internkontroll


Del 2

- EK web – dokument, avviks- og meldingssystem

## **Styret for Fagskolen i Hordaland**

Først vedteke 29.04.2020

Revidert versjon vedteke: 10.09.2020



[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)

**Kva for ei utdanning har du hovuddelen av undervisninga i?**

(Vel utdanning frå ein meny)

- (1)  Anlegg
- (2)  Arborist
- (3)  Automatisering
- (4)  OSV...

**Dersom anna, ver snill å spesifiser**

---

**Korleis blir arbeidstida di delt mellom ulike arbeidsoppgåver dette skoleåret?**

Fordelinga gjeld heile skoleåret. Ta med total tid du har brukt i samband med stillinga di, sjølv om noko av tida er utanfor normal arbeidstid.

**Anslå i prosent fordelinga av arbeidstida di på følgande aktivitetar:**

(La overslaga summere seg til 100 prosent i di stillingsbrøk, skriv næraste heile prosent.)

Undervisning: \_\_\_\_\_

Undervisning: Inneheld tid til planlegging, førebuing, gjennomføring, praksis- og hovudprosjektrettleiing, etterarbeid og retting av alle typar arbeidskrav.

Klassekoordinator: \_\_\_\_\_

Fagkoordinator/teamleiar: \_\_\_\_\_

Prosjektarbeid i regi av skolen: \_\_\_\_\_

Prosjektarbeid: Prosjekt du deltek i på oppdrag frå skolen.

**Kor mange timar i snitt per veke meiner du at du tilsaman arbeider med oppgåvene ovanfor dette skoleåret?** \_\_\_\_\_

**Ønsker du å kommentere svara dine** (til dømes om du har hatt permisjon eller har vore tilsett berre delar av året)? **Bruk merknadsfeltet under.**

---



## Undervisning og rettleiing

**Kor mange studentar har du gitt undervisning til dette skoleåret?**

Heiltidsstudentar \_\_\_\_\_

Deltidsstudentar \_\_\_\_\_

Hovudprosjektstudentar \_\_\_\_\_

Studentar i praksis \_\_\_\_\_

Skala nyttast med enten «grad», «nøgd» eller «god» etter korleis spørsmålet er formulert:

(1) i svært liten grad	(2) iliten grad	(3) i nokon grad	(4) i stor grad	(5) i svært stor grad	veit ikkje / ikkje relevant
---------------------------	--------------------	---------------------	--------------------	--------------------------	--------------------------------

I dei følgjande spørsmåla ønsker vi at du svarar med bakgrunn i utdanninga du har hovuddelen av undervisninga i.

**I kva grad er du einig i følgjande påstandar?**

I denne utdanninga blir studentane aktivt inkluderte i fagmiljøet.

I denne utdanninga har vi for høgt fråfall blant studentane.

Eg bidreg til diskusjonar om gjennomføring og utvikling av utdanninga.

Eg bidreg til diskusjonar om undervisnings- og vurderingsformer i utdanninga.

Eg bidreg til diskusjonar om samanheng mellom emne i utdanninga.

Eg er, alt i alt, tilfreds med kvaliteten på utdanninga.

**Korleis vurderer du følgande sider ved utdanninga?**

Studieplanen med læringsutbytte

Den faglege kompetansen til dei som underviser

Den pedagogiske kompetansen til dei som underviser

Studiemiljø som inkluderer og motiverer studentane

Samarbeid med kollegaene

Innhaldet i utdanninga (lærestoff sett i høve til læringsutbytteskildring)

Ressursar og rutinar for hjelp og rettleiing til studentane

Infrastruktur (rom, utstyr, bibliotek, IKT)

**I dei følgande spørsmåla ønsker vi at du svarar med bakgrunn i det emnet du underviser mest i.**

Det er viktig for oss at du kan svare på spørsmåla så konkret som mogeleg. Derfor ønsker vi at du svarar på spørsmåla i skjemaet med utgangspunkt i **eitt spesifikt emne** du underviser eller har undervist i.

(Vel mellom dei emner dei underviser i frå ein meny)

Emne: \_\_\_\_\_

**Det emnet eg vel å bruke til å svare på spørjeskjemaet, underviser eg i på:**

Heiltidsstudium

Deltidsstudium

Begge

**Kor mange klassar har du i dette emnet:**

1

2

3

4

5

**Gi eit overslag over talet på studentar du underviser i dette emnet:**

(1)  færre enn 20

(2)  21-30

(3)  31-50

(4)  51-70

(5)  71-100

(6)  101-120

(7)  121-150

(8)  Veit ikkje

**Ikvagrader du einig i følgandepåstandar?**

**I dette emnet ...**

formidlar eg til studentane kva forventa læringsutbytte emnet har

brukar eg undervisings- og arbeidsformer som stimulerer studentane til å delta aktivt i til dømes diskusjon, gruppearbeid, prosjektarbeid, lab, presentasjonar

får studentane varierte arbeidsoppåver

har eg praktisk undervisning i til dømes simulator eller laboratoria

formidlar eg tydelege forventningar til studentane om kva dei skal gjere

legg eg vekt på å gi studentane kommentarar og tilbakemelding dei kan lære av

brukar eg vurderingsformer som er eigna for dei aktuelle læringsutbytta

**Ikvagraderdueinigifølgandepåstandar?**

**I dette emnet.....**

formidlar eg kunnskap frå nyare teori til studentane

brukar eg oppgåver tilpassa utdanninga

er pensum oppdatert og tilpassa utviklinga i samfunn og arbeidsliv

samarbeider eg med eksterne aktørar frå samfunn og arbeidsliv

møter eg ei studentgruppe med eit varierende fagleg startnivå

manglar ein stor del av studentane tilstrekkelege forkunnskapar

har eg kunnskap om kva studentane har blitt underviste i tidlegare i utdanninga

jobbar eg aktivt for å motivere studentane

er eg tilfreds med studentane sitt læringsutbytte

er eg tilfreds med studentane sin innsats og deira engasjement

**Ikvagraderdueinigifølgandepåstandar?**

**I dette emnet.....**

har eg tilstrekkeleg tid til å førebu undervisninga

underviser eg i det fagområdet eg veit eller kan mest om

får eg tilbakemelding og støtte frå min avdelingsleiar

har eg naudsynt fagkunnskap

har eg naudsynt digital kunnskap

får eg naudsynt opplæring i digitale hjelpemiddel

### Er det praksis på den aktuelle utdanninga?

- (1)  nei  
(2)  ja

### I kva grad er du einig i følgjande påstandar knytte til praksis?

Teori og praksis er godt integrert i utdanninga.

Eg diskuterer samanheng mellom praksis- og teoridelen av utdanninga med praksislærer.

Studentane oppnår forventede læringsutbytte frå praksis.

Eg er godt informert om kva studentane erfarer i praksisperioden.

Våre studentar får god oppfølging frå fagskolen når dei er i praksis.

Studentane er godt førebudde på kva dei vil møte i praksisperioden.

Våre rettleiarar i praksisfeltet er godt kvalifiserte for oppgåva.

### Noko informasjon om deg sjølv

#### Kva formell pedagogisk kvalifikasjon har du?

#### Det er mogeleg å krysse av for fleire alternativ.

- (1)  Ingen formell pedagogisk kvalifikasjon  
- Hvis avkrysning:  Anna pedagogisk arbeidserfaring  
Ja/nei - ved ja (må presiserast): \_\_\_\_\_
- (2)  Lærarutdanning
- (3)  Praktisk-pedagogisk utdanning
- (4)  Universitets- og høyskulepedagogisk basiskompetanse
- (5)  Anna pedagogisk utdanning (må presiserast) \_\_\_\_\_

**Kor mange år har du totalt jobba med undervisning ved ein fagskole?**

- (1)  0-2 år
- (2)  3-6 år
- (3)  7-10 år
- (4)  11-20 år
- (5)  meir enn 20 år

**I kva grad arbeider du aktivt med di eiga pedagogiske utvikling?**

- (6)  (1) i svært liten grad
- (7)  (2) i liten grad
- (8)  (3) i nokon grad
- (9)  (4) i stor grad
- (10)  (5) i svært stor grad
- (11)  veit ikkje / ikkje relevant

**Eg held meg oppdatert på endringar innan faget mitt og har dei siste 12 månadene delteke på:**

bedriftsbesøk

fagleg seminar

omvisning med studentane

hospitering i arbeidslivet

samarbeid om studentprosjekt med arbeidslivet

Anna, spesifiser: \_\_\_\_\_

**Har du ønske eller idear som kan gjere utdanninga betre?**

---

**Her kan du gi tilbakemelding på korleis du synest spørjeskjemaet fungerer.**

---

# Spørjeskjema - Sensor

Som ein del av vårt kvalitetssikringsarbeid ber vi deg som sensor om å kommentere nokre tilhøve ved fagskolen. Di vurdering vil vere eit nyttig innspel i arbeidet med å vidareutvikle tilbodet ved skolen.

Utdanning: \_\_\_\_\_

Emne: \_\_\_\_\_

Har du fått eksamensoppgåva til gjennomsyn og godkjenning før eksamen?

- (1)  Ja  
(2)  Nei

Ev. kommentarar:

---

---

---

---

Korleis vurderer du sjølve eksamensoppgåvene/a (t.d. relevans, omfang og form)?

1= svært dårlege 6= svært gode

1    2    3    4    5    6

Ver vennleg å utdjupa di samla vurdering:

---

---



---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

Kor god samanheng synest du det er mellom den kunnskapen studentane viser i sine eksamenssvar og måla i planen for utdanninga?

1= svært dårleg samsvar 6= svært godt samsvar

1     2     3     4     5     6

Ver vennleg å utdjup vurderinga di:

---

---

---

---

---

---

# Spørjeskjema – Arbeidsliv

## Samarbeid med Fagskolen i Hordaland, årleg evaluering

I samband med vår samarbeidsavtale skal me jamleg evaluere, førebu og vidareutvikle samarbeidet. Me ønskjer også tilbakemelding på utdanningane sin yrkesrelevans og håper derfor at du tar deg tid til å fylle ut dette vurderingsskjemaet.

Du byrjar å svare ved å klikke på pilen nede til høgre.

Du bevegar deg fram og tilbake i spørjeskjemaet ved hjelp av piltastane som du finn nede på kvar side. Du kan til ein kvar tid gå tilbake og endre dei tidlegare svara.

Tusen takk for at du tar deg tid til å svare på denne undersøkinga.

### Bedriftsinformasjon

Firmanamn

---

---

---

Namn på kontaktperson ved  
Fagskolen i Hordaland

---

---

---

Har du blitt invitert til å presentere din bedrift for studentane ved Fagskolen i Hordaland det siste året?

- (6)  Ja  
(7)  Nei

Har du hatt besøk av studentar frå Fagskolen i Hordaland det siste året?

- (6)  Ja  
(7)  Nei

Har studentar frå Fagskolen i Hordaland gjennomført hovudprosjekt i din bedrift det siste året?

- (6)  Ja  
(7)  Nei

**Kor relevant er utdanningane ved Fagskolen i Hordaland for din bedrift?**

- (1)  Svært relevant
- (2)  Relevant
- (3)  Verken eller
- (4)  Lite relevant
- (5)  Svært lite relevant
- (6)  Veit ikkje

**Kor godt samsvarer innhaldet i studieplanane ved utdanningane med kompetansen din bedrift etterspør?**

- (1)  Svært godt
- (2)  Godt
- (3)  Verken eller
- (4)  Dårlig
- (5)  Svært dårlig
- (6)  Veit ikkje

**Kor nøgd er du alt i alt med samarbeidet med Fagskolen i Hordaland?**

- (1)  Svært nøgd
- (2)  Nøgd
- (3)  Verken eller
- (4)  Misnøgd
- (5)  Svært misnøgd
- (6)  Veit ikkje

**Din mening er viktig for oss, på kva områder meiner du vi kan forbetre oss?**

---

---

---

---

---

---

---

---

Andre kommentarar

---

---

---

---

---

---

---

---

Tusen takk for din tilbakemelding!

Beste helsing  
Fagskolen i Hordaland

## Mandat for fagråd ved Fagskolen i Hordaland

Fagskolen i Hordaland skal ha utdanninger med høy yrkesrelevans, og videre utvikle disse i tråd med endringer i arbeidslivet. For å ivareta dette etablerer skolen fagråd for hver utdanning.

Fagrådet skal bidra til å sikre kvalitet og yrkesrelevans i utdanningene ved Fagskolen i Hordaland. Fagrådet skal ha et regionalt perspektiv og gi innspill om regionen sitt kompetansebehov innenfor utdanningsfeltet.

Fagrådet skal arbeide med å vurdere innhold i studieplaner både i forbindelse med utvikling av nye og videreutvikling av eksisterende studieplaner. Fagrådet skal også arbeide med tilrettelegging for kurs, prosjektoppgaver, bedriftsbesøk og hospiteringsordninger.

### Sammensetning

Fagrådet skal være satt sammen av et representativt utvalg fra relevante bedrifter, bransjeorganisasjoner og studenter, samt fagkoordinator og avdelingsleder ved utdanningen.

### Gjennomføring av rådsmøter

Fagrådet møtes 2 ganger i året og fagkoordinator er ansvarlig for å lage en møteplan, samt å sende møteinnkalling med saker. Fagkoordinator fører referat fra møtene. Referatene blir sendt til avdelingsleder.

## Rutine og sjekkliste for internkontroll

Styret skal jf. § 9 f i fagskulelova sørge for at fagskulen er drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørge for at det blir gjennomført systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette. Styret delegerer til rektor å sørge for at fagskulelova § 9 f vert følgt.

### Rutine

Jf. årshjul for studieplanarbeid ved Fagskolen i Hordaland skal det gjennomførast ei evaluering av studieplaner i januar kvart år. Evalueringa skal sikre at utdanningane er utforma og blir gjennomført i tråd med lover og reglar jf. sjekklista under.

### Ansvarleg for evalueringane

#### Utdanningar

- Fagleg ansvarleg for utdanninga og avdelingsleiar for utdanning

### Internkontroll av akkrediterte utdanningar

Krav til utdanningas innhald og utforming:

Krav	Ok / Ikkje ok
Fagskulen har sikra gjennom samarbeid med aktørar i arbeidslivet at læringsutbytte i utdanninga er relevant for yrkesfeltet.	
Læringsutbyttet er utforma i tråd med NKR og er tilstrekkeleg for yrkesutøving.	
Namnet på utdanninga er dekkande for læringsutbyttet.	
Innhald og oppbygging av utdanninga er tilpassa læringsutbyttet.	
Utdanningar med praksis har skriftlege avtalar med praksisstader som regulerer tilhøve som er vesentlege for gjennomføring av praksis og studenten sitt læringsutbytte.	
Utdanninga har eit omfang på 30, 60, 90 eller 120 studiepoeng og eit samla arbeidsomfang på 1500-1800 timer per år for heiltidsstudium. Eventuelt omfang på 150 eller 180 studiepoeng dersom departementet har gitt slik løyve.	
Studieplanen gir tydeleg informasjon om opptakskrav, innhald, oppbygging og progresjon, og om undervisnings-, lærings- og vurderingsformer.	

Krav til fagmiljøet

Krav	Ok / Ikkje ok
Fagmiljøet har naudsynt storleik, kompetanse og fagleg og pedagogisk samansetning i høve til talet på studentar og utdanningas innhald og eigenart.	
Fagmiljøet har minst følgjande kompetanse som er relevant for utdanninga:	

- Oppdatert yrkeserfaring - Utdanning minst på fagskulenivå - Utdanningsfagleg kompetanse	
Utdanninga har ein fagleg ansvarleg med relevant utdanning som har eit definert ansvar for utviklinga og gjennomføringa av utdanninga i hovudstilling.	
Utdanninga har ein utdanningsfagleg ansvarleg med relevant utdanning som har eit definert ansvar for tilrettelegging av studentane sin læring.	
Fagskulen har egne nedfelte krav til storleik, kompetanse og samansetning av fagmiljøet.	
Fagskulen har ein plan og prosedyre for å ivareta dei tilsette sin kompetanseutvikling.	

## Krav til praksisrettleiarar og sensorar

Krav	Ok / Ikkje ok
Utdanningar med praksis har eksterne praksisrettleiarar med kompetanse til å rettleie og vurdere studentane i praksis.	
Sensorane har kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet for emnet eller utdanninga er oppnådd.	

## Krav til organisering og infrastruktur

Krav	Ok / Ikkje ok
Fagskulen har administrative ressursar som er tilpassa utdanninga.	
Fagskulen har lokale, utstyr, tilgang til informasjons- og bibliotektenester og anna infrastruktur som er tilpassa utdanninga.	
Studentvelferda ved fagskulen er tilpassa studentane og utdanningsverksemda.	

## Krav til vitnemål

Krav	Ok / Ikkje ok
Vitnemålet syner: <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Namn på fagskulen, utdanninga og kandidaten</li> <li>b. Omtale av karaktersystem som vert brukt ved fagskulen</li> <li>c. Karakterane kandidaten har oppnådd</li> <li>d. Det overordna læringsutbyttet for utdanninga</li> <li>e. Emna i utdanninga og eventuell praksis</li> <li>f. Om reglar for skikkavurdering gjeld for utdanninga eller ikkje</li> <li>g. Nivå i NKR</li> <li>h. Talet på studiepoeng og eventuell grad</li> </ul>	